

Klima og miljødepartementet

## Innspel til nasjonal handlingsplan for naturmangfald

Noreg har i lang tid tatt stort internasjonalt ansvar for å setja natur og miljø på den politiske agenda. Dette internasjonale engasjementet skapar store forventingar om at slike avtalar også får nasjonale konsekvensar, til dømes ved at natur i større grad vert prioritert over utbygging. Dei siste tiåra har tapet av natur i Noreg skjedd i same fart som i nokre av dei landa som vert dradd fram som dei verste på å ta vare på natur. Dette skjer fordi naturen systematisk har vorte nedprioritert på alle nivå i forvaltninga. Naturavtalen sine ambisiøse mål inneber at det må skje ei endring i korleis natur vert vektlagt i beslutningsprosessar.

Ei stor utfordring med naturavtalen er at me ikkje berre skal nå eit mål i 2030. Me skal også leva med dette målet etterpå, og nye generasjonar skal også dra nytte av naturen samtidig som velferd og sosiale tilhøve skal oppretthaldast. Dette krev ei omstilling i heile samfunnet, der fokus på natur, miljø og bærekraft vert ein naturleg del av kvardagen og alt me gjer. Skal samfunnet nå måla må omsynet til natur og miljø fram i bevisstheita til alle, ikkje berre beslutningstakarar og næringsliv. Dette krev:

- 1) tilgang på høg kompetanse i alle ledd innan privat og offentleg sektor
- 2) å gjera tilgjengeleg og samanstillable eksisterande kunnskap om natur, naturverdiar og verdiar av natur, og korleis menneske og natur påverkar kvarandre
- 3) generering av ny kunnskap basert for å fylla kunnskapshol, spesielt med tanke på dei raske endringane som naturen opplever til dømes som følgje av klimaendringar
- 4) at natur, miljø og bærekraft vert ein integrert del i all utdanning, frå barnehage til universitet.

Det er altså eit stort behov for betre kunnskap her og no, men også oppbygging av kunnskap om natur og miljø slik at komande generasjonar får leve i et berekraftig samfunn. Dette gjer at ein lyt ta i bruk alle verktøy som utdanningsinstitusjonar kan tilby. Difor vert etter- og vidareutdanning særskild viktig i tida som kjem, retta mot lærarar på alle nivå i skuleverket, høgskule- og universitetstilsette, men også privat næringsliv og offentleg sektor. Samstundes må natur, miljø og bærekraft verta ein integrert del av all

---

Postadresse	Org.nr. 974 767 880	Besøksadresse	Telefon	Sakshandsamar
7491 Trondheim	kontakt@gaerevoll.ntnu.no	Høgskoleringen 5 Realfagbygget, Blokk D, 1. etg.	+47 73594197	
Norway	www.ntnu.no/gjaerevoll			

Adresser korrespondanse til saksbehandlende enhet. Husk å oppgi referanse.

vidaregåande og høgare utdanning i Noreg. Dette vil sikra at privat og offentleg sektor i framtida har kompetansen som trengs for å nå og leva med måla i naturavtalen og slik bidra til det grønne skiftet.

Utdanninga må vera kunnskapsbasert, og mykje av den kunnskapen me treng finst ikkje i dag. Me treng kunnskap om naturen og trugslane mot naturmangfaldet, men også om korleis natur og menneske påverkar kvarandre på godt og vondt. Me må forstå kva samfunnsprosessar og sosiale verkemiddel som trengs for å få til eit grønt skifte som også let oss nå måla i naturavtalen. Å løysa naturkrise krev altså tverrfagleg samarbeid. Det er difor svært viktig å få etablert store og robuste tverrfaglege forskingsmiljø innan natur, miljø og bærekraft. Desse forskingsmiljøa må også ha utdanning og formidling som ein del av kjerneaktiviteten for å sikra at relevant ny kunnskap når ut til beslutningstakarar, næringsliv og andre aktørar.

Det er likevel ikkje tid til å venta på ny kunnskap. Det må også handlast no, basert på den kunnskapen som allereie finst, før det er for seint. Førre-var-prinsippet, som er nedfelt i naturmangfaldlova, må ikkje gå i gløymeboka. Noreg har verdsleiande forskingsmiljø innan natur, biodiversitet og naturforvaltning, og er såleis i ei særstilling for å dra nytte av den kompetansen og kunnskapen som finst for å nå måla i naturavtalen. Desse forskingsmiljøa står klare til å ta fatt på utfordringa og samanstill eksisterande kunnskap for å bidra til ei bærekraftig forvaltning av norsk natur til beste for komande generasjonar. Men dette krev konkret satsing og vidare oppbygging av desse fagmiljøa.

Eit konkret tiltak for å starta arbeidet med å nå måla i naturavtalen, er å utarbeida ein samla plan for norsk natur. Ein slik plan må vera basert på open og offentleg tilgjengeleg kunnskap. Den må skildra og ta omsyn til naturverdiar og ulike typar verdiar som naturen bidrar til lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Ein samla plan må vera juridisk bindande, og endelege avgjersler om bruk av areal med ulik naturverdi må, om nødvendig, kunna etterprøvast heilt opp på eit nasjonalt plan. I praksis betyr dette at sektor-baserte etatar og departement ikkje kan overprøva vedtak basert på den samla planen for natur. Dette vil vera eit viktig tiltak for å motverka bit-for-bit-nedbygging av norsk natur frå ulike sektorar, som er ei av dei største utfordringane i dagens arealforvaltning.

Ein slik samla plan for natur har me allereie god erfaring med. På 1980-talet vart det utarbeida ein samla plan for vern av vassdrag, fordi ein såg at Noreg stod i fare for å bygga ut alle vassdrag til kraftproduksjon. Planen for varig vern av vassdrag var basert på

omfattande biologiske undersøkingar for å sikra at ein verna dei vassdraga med størst naturverdi. Takka vere denne planen har Noreg i dag fleire vassdrag utan betydelege inngrep. Det er no på tide å gje resten av norsk natur dei same rettane som vassdraga fekk for 40 år sidan.

Noreg har alle føresetnader for å lukkast i å nå måla til naturavtalen. Men det krev hardt og målretta arbeid for å

- 1) skaffa, gjera tilgjengeleg og bruka kunnskap om natur, naturverdiar og verdien av natur, til å sikra områder med intakt natur som representerer mangfaldet av naturtypar i Noreg
- 2) styrka av tverrfaglege forskingsmiljø som også bidrar aktivt til formidling og utdanning
- 3) få inn natur, miljø og bærekraft som sentrale tema på alle nivå i norsk skuleverk og høgare utdanning, også etter- og vidareutdanning
- 4) etablera ein samla plan for vern og bærekraftig bruk av norsk natur

På vegne av Gjærevollsenteret ved NTNU

Ivar Herfindal, forskar ved Gjærevollsenteret, NTNU

Aline Magdalena Lee, forskar ved Gjærevollsenteret, NTNU

Anders Gravbrøt Finstad, professor og nestleiar for Gjærevollsenteret, NTNU

Bernt-Erik Sæther, professor og direktør for Gjærevollsenteret, NTNU



**GJÆREVOLLSENTERET**

Framtidsanalyser av naturmangfold